

Frådeling i Uskedalen blir truleg akseptert

16.04.2007

Eva Myklebust på Neset i Uskedalen har søkt om dispensasjon frå kommunedelplanen slik at del av eit bustadområde kan omdisponerast til naustområde. Strandlina det gjeld er 29 meter lang. I same sak er det søkt om frådeling av to bustadtomter på 1,1 dekar kvar og tre nausttomter på 130 kvadratmeter kvar.

Området er ein del av kommunedelplanen som vart godkjend for fire år sidan og planen viser arealføremål "bustad".

Rådmannen går inn for at forvaltningskomiteen onsdag gjev dispensasjon frå dette føremålet slik at arealet kan disponerast til naustområde. Han meiner at tiltaket ikkje kjem i konflikt med offentlege og/eller allmenne interesser og at det, slik det krevst, er særlege grunnar til dispensasjon og frådeling..

I si vurdering seier rådmannen at tiltaket i seg sjølv eller konsekvensane av det ikkje er av ein slik karakter at det vert vesentlege endringar i bestående miljø. Heller ikkje vil tiltaket utløysa behov for andre tiltak som samla gjev ein større verknad.

Arealet ligg i dag i eit bustadområde, men det er fleire naust i området. Det er eit naust på omsøkt eigedom og eit naust på naboeigedomen like ved.

Sidan det allereie ligg eit naust på eigedomen og mange naust i området vil det ikkje føre til store endringar å omgjere arealet til naustområde.

Rådmannen vurderer ikkje faren for presedens som så stor då søknaden gjeld eit område som allereie er opna for bustadbyggjing heilt til sjø. Arealet er såleis privatisert både med bustadhus og naust.

Av Ola Matti Mathisen